



Årsmelding for Vossestrand Sogelag 2019.

Styret dette året har vore:

Leiar: Jorunn Gjøstein

Nestleiar: Kari Mørkve Jordalen

Kasserar: Trygve Dugstad

Skrivar: Sjur Vinje

Medlem: Ingrid Jordalen

Varamedlem: 1. Arne Johan Dregelid, som har møtt på dei fleste styremøta.

2. Ivar Husdal

Revisor: Odd Henry Hommedal

Randi Engelsen Eide

Sogelaget har hatt 9 styremøte med 47 bokførte saker. I tillegg har me dei andre nemndene som har eigne årsmeldingar.

Styret vart invitert til Gro og Ivar Husdal den 27. juni. Der vart det «synfaring» på den gamle kyrkjegarden på Vinje og etterpå servering i eldhuset til Gro og Ivar.

Sommarturen «Bli kjend i di eiga bygd» gjekk søndag 25. august 2019 frå Oppheim kyrkje langs Kongevegen ned til Vinje. John Ove Thaulé, Bjarne Skjervheim og Ivar Husdal var kjentfolk på turen. I tillegg til desse var det fleire i fylgjet som bidrog med opplysningar og gode historiar. 14 stykker deltok på turen, som vart avslutta med ein matabit på Vinje hotell.

I år hadde me sommartur der me gjekk ned Stalheimskleiva, nær 40 stykker var med oss denne dagen.

Trygve Dugstad fortalde om stadnamn og ulike hendingar langs vegen, i tillegg var det fleire av deltakarane som supplerte med ting dei hadde å fortelja. Einar Midtun framførte diktet «Tord Foleson» av Per Sivle ved Sivlesteinen. Etter turen vart det god betasuppe på Stalheim hotel.



Den

3.

september deltok Trygve Dugstad og Odd Henry Hommedal på eit møte i lag med dei andre sogelaga i kommunen, møtet gjaldt innsamling av historisk biletarkiv.

Sogelaget deltok på «Strandamessa», der me selde «Gamalt frå Stronde» 2019 og andre bøker me har på lager.

I fjor vår vart me kontakta av Ole Kristian Årnot som i mange år har arbeid med å samla inn stadnamn i Myrkdalen, han trengte litt hjelp med å koma vidare med prosjektet sitt. Me vedtok å arrangera eit ope møte der me ynskte å informera om arbeidet til Ole Kristian og få med fleire i dette prosjektet.

Møtet vart helde i kyrkjestova på Oppheim torsdag 7. november. Det møtte 21 deltakarar inkludert styret. Tommy Veland frå Geodata i Lindås kommune var med og informerte om korleis ein kan bruka digitale i arbeidet med å samla inn stadnamn. Ole Kristian Årnot informerte så om sitt arbeid og viste oss eksempel på korleis han la det inn på kart med namneforklaring. Etter møtet var det fleire interesserte som kunne tenkja seg å delta i prosjektet med å samla inn stadnamn på Vossestrand. Sturla Hommedal og Ole Kristian Årnot administrerar no dette prosjektet, i tillegg har dei fått med seg fleire gode hjelparar. For å sjå kva som er gjort av arbeid fram til i dag kan ein klikka seg inn på lenka på heimesida til Vossestrand sogelag.

Det er òg sett ned ei gruppe som arbeider med å systematisera «Strandadisken». Her har Arne Johan Dregelid lagt ned eit enormt arbeid gjennom mange år.

I 2019 hadde Sogelaget 94 betalande medlemer. Medlemskontingenten er uendra med kr. 100,- pr. år. Laget har god økonomi.

Leiar Jorunn Gjøstein